

# Aktivitetar

## 'Tussmørke'

Tid: ca. 4 timar

Pris: 400,- per deltakar

Å bruke sansane våre er noko vi gjer utan å tenkje oss om, men kva skjer om vi tar vekk ein eller fleire av dei? 'Tussmørke' er eit sanseeventyr som utfordrar deg til å ta i bruk sansar du elles tar for gitt. I ulendt terreng og med ei og anna overraskelse på lur vil du få ei spennande, utfordrande, lærerik og sanseleg oppleving du ikkje hadde forestilt deg.

## 'Kjesafari'

Tid: ca. 2 timar

Pris: 300,- per pers.

Eventyret om bukkane bruse kjem raskt til minne når ein møter dei livlege kjea på sommarbeite. I eit nært møte mellom menneske og dyr dreg vi på besøk til dei fjellvande kjea frå Melchiorgarden ute på sommarbeite. Ein aktivitet som passar særst godt for familiar; og er ein sikker vinnar blant borna. Vi spanderer kraftfôr og mykje kos med dyra, og tar med nistemat frå gardskjøkkenet.

## 'Slakklinepark'

Tid: 3 timar

Pris: 150,- per pers.

Gjer eit ubalansert liv balansert på slakkline! Vi riggar opp ein slakklinepark nede ved naustrekka og organiserar ei morosam og spanande oppleving i kveldssola. Vi instruerar både i teknikken for å bevege seg på lina og i sjølve rigginga. Ein super aktivitet for born og ungdom (i alle aldrar!) som både gjev styrke og kroppskontroll.

## Fjell

### 'Kallskardalen – ei reise tilbake i tid'

Tid: ca. 5 timar

Pris: 300,- per pers.

Turen inn i Kallskardalen er ein vandretur inn i eit geologisk spesielt område med store kontrastar. Vi tar for oss historia til Herdalssetra og Kallskardalen frå siste istid fram til i dag. Turen er bratt frå vatnet og opp i dalmunninga, mens dalen er flat. Medbrakt har vi nistepakke frå Melchiorgarden som vi et øvst i dalen.

### 'Storåsnakken til Gjæra: eit fjelleventyr'

Tid: ca. 5 timar

Pris: 300,- per pers.

Ein vandretur frå Hatlestad til Storåsnakken er ein vandretur med spektakulært panorama over Storfjorden. Og kva passar betre etter ein tur til fjellet enn eit møte med menneska som har gjort fjellet sin heim? Fjellgarden Gjæra ligg på bratte 300 meter, eit økologisk bruk med trykkeverkstad, bryggekjellar og ubrotne tradisjonar innan handverket.